



2/2012

NOVEMBER • ÅRGANG 19



SIM

Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

1 ÅR PÅ HEIANE:

Effektiv og moderne

SIM sitt nye anlegg på Heiane, med miljøsentral og omlastehall er blitt eit godt synleg landemerke på Stord. – Me prøvde å gje hallen ein audmjuk framtoning, som skulle harmonisera med landskapet omkring, fortel arkitekten bak hallen, Jo Kjetil Nielsen. – Effektiv drift og nøgde kundar er det me opplever etter eitt års drift av anlegget, seier dagleg leiar i SIM, Terje Gilje. Driftsleiar Kjell Egil Hollund, legg til at både kundar og tilsette har fått ein moderne miljøsentral sentralt plassert for alle i heile Sunnhordland.

Les meir på side 2 og 3.





Bille i SIM-drakt

Då arkitekt Jo Kjetil Nielsen fekk oppdraget med å teikna den nye omlastehallen til SIM ynskte han at hallen skulle signalisera kva som gjekk føre seg inni den, samstundes som den skulle ha sin eigen personlegdom.


– Hallen skal jo «matast» med avfall – avfallet skal sorterast og pakkast inne i kroppen – før transport til neste destinasjon som er attvinning. Me har prøvd å laga ei form som signaliserar dette – ei form som tek imot (et) avfall og handsamar det – før avfallet forlèt kroppen (bygningen). Bygningen har difor ei form som er inspirert av ei levande organisme – ei åtselbille om du vil – som har ein frampart og ein bakpart, eit vernande skal og spinkle bein, fortel Nielsen.

Han legg til at dei har fått positive kommentarar på bygget, noko som ikkje alltid er ei sjølvfylgje. Nielsen meiner SIM har tilført området noko nytt og annleis.

– Eg vil gje ros til SIM, som har hatt eit ynskje med prosjektet, og ved det tilført området noko særprega og positivt. Utan at det har blitt eit prosjekt som er spesielt meir kostbart enn ein standard hall, seier Nielsen.

Vil du kalla det eit signalbygg?

– Synest ikkje signalbygg er rette nemninga. Bygget er kanskje det i kraft av sin storleik, noko funksjonskrava har gjeve. Kanskje ein kan kalla det eit signalbygg i kraft av at det *signaliserar* sitt innhald og vonleg er med å underbyggja den profilen som byggherren SIM ynskjer å ha på sitt virke, påpeikar Nielsen.



Miljøsentral i medvind

Driftsleiar Kjell Egil Hollund fortel at etter opninga av miljøsentralen på Heiane har besøkstala og tilbakemeldingane vore gode.

– Kundane opplever miljøsentralen som funksjonell og laga for framtida, og dei tilsette har fått ein god arbeidsplass.

Han legg til at Heiane miljøsentral har opningstider frå 10–18 på kvardagar og 10–14 på laurdagar, og er ein miljøsentral for alle i SIM- området.

– Med slike opningstider og den sentrale plasseringa, er det ikkje vanskeleg å nå oss anten du kjem frå Stord, Sveio, Fitjar eller Bømlo, påpeikar han.

«10 000 innom dørene»

Ved Heiane miljøsentral hadde det fram til september i 2012 vore over 12 000 vitjande. Sett i perspektiv viser SIM sin statistikk at det i Svartasmoget på det meste var 10 462 innom, i løpet av eit år. Dagleg leiar Terje Gilje, seier seg

godt nøgd med slike tal, og legg til at talet på vitjande til Heiane er større enn venta.

– Det viser at folk nyttar Heiane slik me ynskjer, mykje folk er på Heiane i andre ærend, og dermed er ikkje vegen lang bort til miljøsentralen. Folk kjem oftare og dei som kjem har mindre lass. Plassering har sjølvstakt mykje å seia i den samanheng, understrekar han.

Miljø og kostnader

Den geografiske plasseringa av miljøsentralen og omlastehallen er også med å bidra til effektive tenester og låge kostnader for selskapet. Noko som til slutt kjem abonnentane til gode.

– Ved å plassera miljøsentral og omlastehall sentralt og i nær tilknytning til kvarandre, dreg ein nytte av utstyr og personell på dei to anlegga,




Dagleg leiar i SIM, Terje Gilje (t.h.) og driftsleiar Kjell Egil Hollund ynskjer alle sunnhordlendingar velkomne til den nye miljøsentralen på Heiane.

noko som igjen får utslag på kostnadane, påpeikar Gilje.

Han legg til at ein også får betre utnytting av avfallsfraksjonane ved at det kjem mindre vatn i det som skal til energiattvinning.

– I tillegg er det ein gode for miljøet. Det å senda fraksjonane til brensel er ein meir miljøvennleg måte handsama avfallet på, samanlikna med deponering, påpeikar Gilje.



Kjøremønster Heiane miljøsentral

Henning Nordfonn (t.v) er godt nøgd med kundehandsamar Olaf Skram (t.h) og dei andre som arbeidar på Heiane miljøsentral.



– Kjekt å kasta

– Eit fantastisk anlegg og ein glimrande service. Av og til kan det jo kjennast litt tungt å måtte kvitta seg med noko. Men her på Heiane er det bortimot kjekt å få kasta, seier ein entusiastisk Henning Nordfonn.

Han har brukt Heiane miljøsentral fleire gonger, og er imponert over kor logisk alt er lagt opp, og kor enkelt det er for kunden.

– Eg har brukt miljøsentralen mykje i sommar, og er glad for at me har fått eit så flott anlegg på Stord. Her har me høve til enkelt å sortera ut i ulike fraksjonar, og for oss som kundar gjev det ei god kjensle. I tillegg er det så reint og ryddig her. Nei, dette er berre heilt topp, seier Nordfonn.

VISSTE DU AT...

Næringskundar med mindre mengder, og som ynskjer å sortera, kan laga avtale med SIM og levera på Heiane miljøsentral.

OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE 2012

AUSTEVOLL, PORSDALEN

Torsdag kl. 10.00–18.00.

Perioden 1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00–14.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

BØMLO, HOLLUNSDALEN

Måndag, tysdag og torsdag kl. 12.00–18.00.

Perioden 1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:
Første laurdag i månaden kl. 09.00–14.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

FITJAR, SVARTASMOGET

Måndag kl. 10.00–18.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

KVINNHERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag og torsdag kl. 13.00–18.00.

Tysdag og fredag kl. 08.00–13.00.

Perioden 1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:
Første laurdag i månaden kl. 09.00–14.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag–fredag kl. 10.00–18.00

Laurdag kl. 10.00–14.00

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

SVEIO, SVEIÅSEN

Måndag kl. 10.00–18.00.

Perioden 1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00–14.00.

Påskeaftan stengt.

TYSNES, EREDALEN

Tysdag kl. 10.00–18.00.

Perioden 1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00–14.00.



SIM

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Svartasmoget, N-5419 Fitjar
Telefon: 53 45 78 50
Telefaks: 53 45 78 60

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as